Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 97/12

Sak nr.: 2012/11152

Møte: 17.10.2012

UTLYSING PROFESSOR/FØRSTEAMANUENSIS FAST 50 % I MEDISIN (ANESTESIOLOGI/AKUTTMEDISIN) INSTITUTT FOR KIRURGISKE FAG,

Institutt for kirurgiske fag ber i brev av 09.10.2012 om å lyse ut ei stilling som fast professor/førsteamanuensis 50 % i medisin (anestesiologi/akuttmedisin).

Stillinga er oppretta for å styrke fagfeltet prehospital akuttmedisin og for å fremje samarbeidet mellom Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen og Stiftelsen Norsk Luftambulanse (SNLA). Stillinga har en stillingsandel på 50 % og kan kombinerast med ei klinisk stilling.

Stillinga er finansiert av SNLA dei fem første åra.

Forslag til vedtak:

1. Fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtek å lyse ut ei fast stilling som professor/førsteamanuensis 50 % i medisin (anestesiologi/akuttmedisin).
2. Stillinga er finanisert av Stiftelsen Norsk Luftambulanse i første omgang for ei periode på fem år.

10.10.2012 /KRKJ

Vedlegg:
Brev frå IKF
Utlysingstekst
Avtale om finansiering

UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for kirurgiske fag

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse	Dato
2012/11152-GJB	09.10.2012

Ber om utlysning av fast stilling som professor/førsteamanuensis (50%, eksternt finansiert) i medisin (anestesiologi/akuttmedisin) ved Institutt for kirurgiske fag, Det medisinsk-odontologiske fakultet

For å styrke samarbeidet mellom Det medisinsk-odontologiske fakultet og Stiftelsen Norsk Luftambulanse (SNLA) er det ønskelig å opprette en stilling som professor/førsteamanuensis (50%) i prehospital akuttmedisin.
Stillingen vil ha en koordinatorfunksjon innen akuttmedisinsk forskning og undervisning på tvers av instituttstrukturen ved fakultetet. Stillingsinnehaveren skal også delta i SNLA sin forskningsgruppe og forskningsnettverk på nasjonalt plan.

Stillingen blir finansiert av SNLA.

Vi ber om at stillingen lyses ut på vanlig måte med henvisningsannonse i Bergens Tidende.

Vennlig hilsen

Leiv M. Hove
instituttleder

Gjert Bakkevold
administrasjonssjef

Vedlegg:
Forslag til utlysningstekst og stillingsomtale

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for kirurgiske fag
Telefon 55972764
Telefaks 55972761
post@kir.uib.no

Postadresse
Postboks 7804
5020 Bergen

Besøksadresse
Haukeland
universitetssykehus
Bergen

Saksbehandler
Gjert Bakkevold
55972762

Utlysingstekst:

PROFESSORAT/FØRSTEAMANUENSIS I MEDISIN (anestesiologi/akuttmedisin)

Ved Institutt for kirurgiske fag, Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen, er det ledig ei fast stilling som professor/førsteamanuensis (50 %) i prehospital akuttmedisin.

Ein stillingsomtale med nærmare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som er grunnlag for vurderinga av kandidatane sin grad av oppfylling av kvalifikasjonskrava i utlysinga fins lenger nede på sida.

Utfyllande opplysningar om stillinga får ein ved å kontakte instituttleiar Leiv Hove på telefon +47 55 97 56 86 eller på e-post Leiv.Hove@kir.uib.no

Kvalifikasjonar

Det er eit krav:

- Å ha oppnådd professorkompetanse (professorat) eller doktorgrad/PhD (førsteamanuensis) innan relevant fagfelt.
- Å kunne dokumentere evne til å etablere og finansiere eiga forsking.
- Å kunne undervise innan akuttmedisin, for dei aktuelle studentgruppene.

Det vil bli lagt stor vekt på:

- Å kunne vise til nasjonalt og internasjonalt nettverk innan fagfeltet og interesse for å styrke det akuttmedisinske fagfeltet gjennom å initiere og vidareutvikle nasjonale nettverk innan akuttmedisin.
- Erfaring frå undervisning og pedagogiske kvalifikasjonar. Det vil bli gjennomført ei prøveforelesing som del av evalueringsprosessen. Undervisningsspråk er norsk og engelsk. Dersom den som blir tilsett ikkje har pedagogisk basisutdanning, vil tilsetting skje under føresetnad av at slik utdanning blir fullført innan eit år etter at ein har starta opp i stillinga.
- Evne til samarbeid og forskingsmessig miljøskaping, nettverksbygging nasjonalt og internasjonalt, samt evne til å leie andre forskarar. God evne til organisering og dokumentert framdriftsevne. Gode munnlege og skriftlege ferdigheiter i engelsk og norsk.

Professoren/førsteamanuensen blir tilsett med plikt til å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som til kvar tid gjeld. Den som blir tilsett må også elles rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga, til dømes endringar som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning, aldersgrense eller anna.

Stillinga inngår som ledd i eit samarbeid med Stiftelsen Norsk Luftambulanse (SNLA) og er finansiert av SNLA.

Løn

Løn etter lønssteg 70-75 (professor) og 59 (førsteamanuensis) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 59-66). For særleg kvalifiserte søkjarar vil det bli aktuelt å vurdere høgare løn.

Søknadsprosedyrar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Universitetet i Bergen nyttar "meiroffentlegheit" ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om deg som søkjar kan bli gjort offentlege sjølv om du har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, blir du varsla om dette.

Send søknad elektronisk via denne JobbNorge-lenka: "SØK PÅ JOBBEN". (Om du sender søknaden via e-post til ein enkeltperson, vil den ikkje bli vurdert.)

- Legg ved kopiar av vitnemål og attestar.
- Du må i søknaden nemne dei vitskapelege arbeida eller delar av dei arbeida som det skal leggjast særleg vekt på ved vurderinga. Desse bør ikkje vere fleire enn 15 for professor og ikkje meir enn 10 for førsteamanuensis.
- Søknaden må også innehalde oversyn over vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar. Døme på slik dokumentasjon er:
    - prov for gjennomført pedagogisk utdanning
    - evalueringsrapportar av din undervisning
    - oversyn over undervisningsomfang og -nivå
    - oversyn over hovudfag/master- og doktorgradsrettleiing og resultat
    - mottekne studentprisar
    - eigne pedagogiske publikasjonar
    - eige undervisningsmateriell
    - rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, slik som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Vitskaplege arbeid skal leggjast inn i Jobb Norge saman med søknaden.

Søknadsfrist:

Søknaden skal merkast:

Stillingsomtale:

PROFESSORAT/FØRSTEAMANUENSIS I MEDISIN (anestesiologi/akuttmedisin)

Ved Institutt for kirurgiske fag (IKF), Det medisinsk-odontologiske fakultet (MOF), Universitetet i Bergen, er det oppretta eit professorat (50 %) i prehospital akuttmedisin. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse til stillinga, er det aktuelt med tilsetting som førsteamanuensis.

Stillinga er oppretta for å styrke det akuttmedisinske fagfeltet i eit samarbeid mellom Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen og Stiftelsen Norsk Luftambulanse (SNLA). Stillinga er finansiert av Stiftelsen Norsk luftambulanse med ein stillingsandel på 50 % og kan kombinerast med ei klinisk stilling.

Stillinga er administrativ knytt til Institutt for kirurgiske fag. Ein gjer merksam på at instituttstrukturen ved fakultetet er under omorganisering og at institutt tilknyting vert endra frå 1. januar 2013.

Den som vert tilsett i stillinga skal ha ein koordinatorfunksjon innan akuttmedisinsk forsking og undervisning på tvers av instituttstrukturen ved MOF. Søkjaren må ha eit breitt interessefelt innan prehospital akuttmedisin og gode evne til å fremje forskingssamarbeid på tvers av institutta, og på tvers av eksterne regionale og nasjonale miljø, som Stiftelsen Norsk Luftambulanse si forskingsgruppe og forskingsnettverk på nasjonalt plan. Forskinga skal omfatte både første og andre linje av helsetenesta. Eigen akuttmedisinsk forsking inngår i stillinga. Stillingsinnehavaren skal rettleie særoppgåvestudentar, masterstudentar, stipendiatar, doktorgradsstudentar og andre innan sitt fagområde.

Stillingsinnehavaren pliktar vidare å delta i gjennomføringa av undervisningsopplegget etter gjeldande studieplan innan sitt arbeidsfelt (akuttmedisin), og i arbeidet med vidareutvikling av fagområdet, her under også etter- og vidareutdanning. Stillingsinnehavaren pliktar også å ta del i administrativt arbeid.

Ved tilsetting som professor er det eit krav at kompetansen som oppfyller dei nasjonale normene for professorkompetanse ved dei medisinske fakulteta i Noreg (http://www.uib.no/filearchive/nasjonale-normer-for-vurdering-av-professorkompetanse-ved-de-medisinske-fakultetene-i-norge.pdf) både med tanke på vitskapleg og pedagogisk kompetanse, administrative kvalifikasjonar og formidling. Det vert lagt særskilt vekt på at søkjaren har slik kompetanse innanfor akuttmedisin.

NORSK LUFTAMBULANSE
NORWEGIAN AIR AMBULANCE

Det medisinsk-odontologiske fakultet
v/fakultetsdirektør Nina Mevold
Universitetet i Bergen
Postboks 7804
5020 Bergen

Stiftelsen Norsk Luftambulanse

Telefon: 09652
Telefaks +47 64 90 44 45
www.norskluftambulanse.no

Postadresse
Postboks 94
1441 Drøbak

Besøksadresse
Holterveien 24
1440 Drøbak

Org nr: 939 483 136

Drøbak, 09.10.2012

Professorat innen prehospital akuttmedisin

Vi viser til tidligere dialog om saken, bl.a. på møte 23. august d.å., og bekrefter herved at Stiftelsen Norsk Luftambulanse vil finansiere en 50 % professorstilling innen prehospital akuttmedisin tilknyttet Det medisinsk-odontologiske fakultet ved Universitetet i Bergen. Med forbehold om at Stiftelsens inntekter opprettholdes på et tilfredsstillende nivå, ønsker vi å finansiere professorstillingen den første femårsperioden. Samtidig avvikles to eksisterende 20 % 1. amanuensis II-stillinger tilknyttet Institutt for kirurgiske fag, da nåværende stillingsinnehavere trer inn i nye akademiske stillinger ved Universitetet i Stavanger.

Vi er positive til at professoratet lyses ut med den stillingsbeskrivelse som nå foreligger, med sikte på oppstart tidlig i 2013. Det arbeides med et utkast til egen avtale om stillingen som oversendes så snart det foreligger.

Vennlig hilsen

Jan Thormodsæter
fung. leder av FoU-avdelingen

Elisabeth Authen Sethre
seksjonssjef forskning